
Saksnr: 2020/41312-4
Saksbehandlar: Janne Dokken
Dato: 06.10.2020

Til: Hovudutval for samferdsel og mobilitet
Fylkesutvalet

Frå: Fylkesdirektør mobilitet og kollektivtransport
:

Meldingssak til SAMO om resultat av dialogmøte om avvikling av tenesta særskilt tilrettelagt skyss til varig tilrettelagt arbeidsplass (VTA) i fylkeskommunen.

I fylkesutvalet sitt møte den 18.6.2020 vart det fatta følgjande vedtak i sak 146/2020.

1. Tilbodet til brukarar som i dag er omfatta av gjeldande ordning i Hordaland som gjev godkjente TT-brukarar særskild tilrettelagt skyss til varig tilrettelagt arbeidsplass (VTA), vert vidareført som ei overgangsordning ut året. Det vil gje kommunane tid til å finne ei løysing mellom kommunane, arbeidsgivarane og evt. andre for kvar einiskild brukar.
2. Fylkesrådmannen bes starte ein dialog med aktuelle kommunar og brukarar slik at alle brukarane vert sikra eit tilbod innan året er omme. Status for dette arbeidet vert framlagt i oktober 2020.
3. Brukarar som har særlege utfordringar, som rullestolbrukarar og blinde/sterkt svaksynte, har fått ein utvida brukarkvote gjennom den statlege tilskotsordninga som m.a. kan nyttast til arbeidskøyring. Desse må få råd og rettleiing slik at den statlege tilskotsordninga vert nytta fullt ut. Lar det seg ikkje løyse innanfor den statlege tilskotsordninga, skal brukarane sikrast tilbod gjennom overgangsordninga.
4. Fylkesutvalet kjem tilbake til finansiering i tertialrapporten i fylkestinget i oktober.
5. Fylkesutvalet legg til grunn at dette vert kommunisert ut til brukarane så fort som mogleg.

Forvaltningsseksjonen i avdeling for Mobilitet og Kollektiv starta arbeidet med å kontakta kommunar straks vedtaket vart gjort i fylkesutvalet. Tiltak:

1. Det vart sendt ut brev til alle aktuelle kommunar 01 juli, (Brevet ligger som vedlegg til notatet.)
2. I løpet av august ringte vi og sende mail til kommunane og avtalte møter.

3. I løpet av august og september gjennomførte vi møter med nesten alle aktuelle kommunar.

Kommunar vi har gjennomført møte med er Bergen, Askøy, Kvam, Kvinnherad, Masfjorden, Ullensvang, Stord, Voss, Bjørnafjorden, Fedje.

Kommunar vi ikkje har gjennomført møte med er Øygarden og Alver kommune. Øygarden har vi snakka med på telefon, dei ville ta kontakt seinare for å avtale møte, vi har ikkje høyrte noko, men det blir følgt opp. Alver kommune har vi ikkje fått kontakt med verken på telefon og mail.

Informasjon til kommunane

Vi informerte om vedtaket som vart gjort i fylkesutvalet 18.06.20. Vi informerte også om kor mange personar vedtaket omfatta i kvar kommune, namn på personar, VTA bedrifta dei arbeida i og kven som er transportør. Våre rådgjevarar var tilgjengeleg for spørsmål om fylkeskommunen si organisering av arbeidskøyring, og er tilgjengeleg for spørsmål dersom det er behov ved seinare høve.

Tilbakemelding frå kommunane.

Nokon av kommunane har blitt kontakta av fortvila brukara og pårørande som er redde for konsekvensane av at fylkeskommunen avviklar tilbodet om arbeidskøyring. Det er viktig å ivareta individ og sørge for at dei er i arbeid, dei fleste er unge og har mange år att i arbeidslivet.

Kommunane har pålagte helserelaterte tenester som vil bli påverka av dette vedtaket, og gi store konsekvensar. Kommunane meina at arbeidskøyring er eit samfunnsoppdrag som ligger til fylkeskommunen.

Fleire kommunar gir tilbakemelding om at dei ikkje er førebudde på å ta over ansvaret for arbeidskøyringa, det finnes i dag ikkje midlar til å finansiere arbeidskøyringa for VTA plassar. Andre kommunar gir tilbakemelding om at administrasjonen vil ta saka inn i budsjettarbeidet å legge fram saka for politikarane for å sjå korleis dei kan løyse saka på ein best mogleg måte. Ein kommune gir tilbakemelding om at dei vil ta kontakt med andre kommunar for samarbeid om felles løysingar, for å skape mest mogleg lik ordning for brukarane.

Dei mindre kommunane gav uttrykk for å ha god oversikt og kontakt med den enkelte brukar. Bergen kommune med 110 brukara gir tilbakemelding om at dei ikkje har moglegheit til å utarbeide ein oversikt over alle brukarane og finne ei løysing for den enkelte, men at dei har teke saka inn til politikarane og saka skal opp i bystyret for vidare handsaming.